



Valle Bygg Att: Anders Valle  
Hopsdalsvegen 31 A  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3768 - 14/9455

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
22.04.2014

## Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 108/564 Kolås

Teknisk drift syner til synfaring den 21.02.2014 og samtale med Dykk 22.04.2014 vedkommande søknad om løyve til å etablere avkjørsle frå kommunal veg for 2 bustadeiningar, gbnr 108/564. Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle på følgjande vilkår:

### Vedtak:

- Avkjørsla flyttast litt lenger mot nordvest (sjå vedlagt kart).
- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg, Veglova §§ 40-43, samt vegnormal 017. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal kunne snu på eigen grunn. Siktsonen skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.

Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav finn ein på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

Det er med heimel §§ 40-43 i Veglova, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg», samt vegnormal 017 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

### Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart gbnr 108/564 Lindås

**Kopi til:**

Lindås kommune ved byggesak

**Mottakarar:**

Valle Bygg Att: Anders Valle

Hopsdalsvegen 31 5915  
A

HJELMÅS